



Naturvernforbundet
Hordaland

Naturvernforbundet
100 år 
1914 - 2014

Fylkesmannen i Hordaland
Miljøvern- og klimaavdelinga
Postboks 7310
5020 Bergen

Bergen, 8.12.2014

Klage på avfallsbehandlninga i Rådalen.

Naturvernforbundet Hordaland viser til tidlegare klager av 29.11.2013 og 8.6.2014 på drifta av fyllplassen i Rådalen og utslepp av forureina avløpsvatn til Mjølkevika i Fanafjorden. Sidan klagen gjeld både Bergen kommune si drift av fyllplassen, BIR sitt forbrenningsanlegg og Fana Stein- og Gjenvinning sitt deponi av spesialavfall i Stendafjellet, rettar vi klagen vår til fylkesmannen, med kopi til dei nemnte etatar.

Bakgrunnen for klagen er det omfattande gravearbeidet langs Fanavegen og Hordnesvegen, og vidare ned til badeplassen i Mjølkevika på Stend. Fanaposten hadde 14. november ein reportasje om dette med overskrifta «Her gjør kommunen opp for gamle synder». I reportasjen forklarar prosjektansvarleg Hildegunn Kvåle i Vann- og avløpsetaten gravearbeidet slik: «Prosjektet er todelt. Vi lager et nytt anlegg for behandling av sigevann fra det gamle Rådalen-deponiet. I tillegg jobber vi med et anlegg som pumper kloakk som i dag går ut i Fanafjorden, opp til pumpestasjonen vår i Skeievegen og vidare til renseanlegget på Flesland.»

Naturvernforbundet Hordaland er glad for at Bergen kommune endeleg gjer noko med forureininga frå fyllplassen i Rådalen. Vi helsar velkomen innsatsen for å leggja plastduk over den gamle fyllingen for å fanga opp nedbørsvatnet og leia det ut i Fanafjorden før det får trenga gjennom fyllingen og vaska ut giftige komponentar. Dette tolkar vi som ein respons på vår tidlegare klage av 29.11.2013 til Fylkesmannen, for i sitt svar av 28.2.2014 skriv Fylkesmannen at dei vil ta kontakt med Bergen kommune om revisjon av løyvet til etterdrift av deponiet. Men i det same brevet skriv Fylkesmannen at det er feil når vi påstår at spillvatn frå BIR sitt forbrenningsanlegg og frå Fana Stein- og Gjenvinning sitt deponi for spesialavfall i Stendafjellet lek ut i Mjølkevika, men går til kloakkreiseanlegget på Flesland. NVH er ueinig i Fylkesmannen sin konklusjon, noko vi grunnar på følgjande (sml. tidlegare klage av 8.6.2014):

- (1) Det var kraftig diesellukt i oktober frå sigevatnet rundt pumpehuset i Pålamyra ved Skeievegen, noko som var bakgrunnen for klagen vår av 29.11.2013. Også frå pumpehuset nede i Mjølkevika kom det diesellukt, noko alle som var med på Fana Historielag si kulturvandring på Stend den

27.10.2013 kan stadfesta. Dette er etter vår meining ein sterk indikasjon på at det kan ha oppstått ein lekkasje på avløpet frå Fana Stein- og Gjenvinning sitt deponi i Stendafjellet, og at noko av sigevatnet kan koma derifrå.

(2) I dagane rundt månadsskiftet februar/mars 2014 observerte

Naturvernforbundet Hordaland ein ny lekkasje i Pålamyrsbekken, like ved pumpehuset. Vatnet var sterkt rustfarga og hadde ein temperatur på ca. 25°C. Det var ingen diesellukt denne gongen. Den høge temperaturen tyder på at noko av utsleppet kan koma frå lekkasje av kjølevatn frå BIR sitt forbrenningsanlegg, som har sige gjennom bossfyllinga og løyst opp metall og humuskomponentar.

Naturvernforbundet Hordaland fann det sterkt kritikkverdig at kontrollen med deponiet i Rådalen var så dårleg at det førte til lekkasje av dieselhaldig vatn og forureina kjølevatn ut i Fanafjorden, like ved ein populær badeplass. Vi bad Fylkesmannen om å undersøka nærare kva som hadde skjedd, og gje pålegg til dei som hadde ansvaret for lekkasjane om å retta opp feilen. Dette ser no ut til å ha skjedd.

Spørsmålet vårt no blir då om det er denne lekkasjen det blir vist til når det i reportasjen blir sagt at noko av prosjektet går ut på å samla opp kloakk som elles ville ha rent ut i Fanafjorden og føra det over til Flesland. Dei svære grøftene langs Fanavegen og Hordnesvegen styrker mistanken vår om at det kan ha noko med deponiet i Stendafjellet å gjera. Det ligg føre planar frå Fana Stein- og Gjenvinning om å få utvida dette deponiet nordover, slik at kapasiteten blir nær fordobla, og det blir då behov for ein ny og større pumpestasjon og betre avløp vestover slik at ein unngår ein større forureiningskatastrofe i Mjølkevika. Det same gjeld kjølevatnet som tydelegvis lek ut frå BIR sitt forbrenningsanlegg, trass i forsikringar frå BIR om at det ikkje skjer.

Naturvernforbundet Hordaland etterlyser difor svar på spørsmålet om det nye kloakksystemet har samanheng med den nemnte lekkasjen og den kritikkverdige måten som både forbrenningsanlegget og spesialdeponiet har vore drive på. I så fall er dette eit steg i rett retning. Men det er urovekkande at det blir informert så dårleg om tiltaket og at Bergen kommune og BIR har forsømt å gjera noko med problemet i så lang tid, og i staden prøver å nekta for at det er noko problem, heilt til dei får pålegg frå Fylkesmannen om å rydda opp.

Naturvernforbundet Hordaland meiner og at det er kritikkverdig å sleppa sterkt forureina kloakk ut i Raunefjorden utan kjemisk/biologisk reinsing. Vi kjenner også til at kloakkleidningen som går gjennom Skeievatnet lek ut forureining slik at vatnet no er nesten dødt. Folk som bur på Flesland og rundt Skeievatnet har og krav på å få bu i eit reint nærmiljø. Vi ber difor Fylkesmannen om å gje Bergen kommune pålegg om å installera kjemisk/biologisk reinsing i Sletten kloakkreinseanlegg, og å tetta lekkasjen i Skeievatnet.

Likeeins ber vi Fylkesmannen om å gje BIR pålegg om å syta for at det ikkje lek ut forureina kjølevatn i avløpssystemet, og minner om at BIR har fått mellombels

løyve til å brenna farleg avfall fram til utgangen av 2015, trass i rapportar om helseskader rundt anlegget på grunn av utslepp til luft og vatn.

Med vennleg helsing

for Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme
leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar

Kopi til

- Bergen kommune
- BIR
- Hordaland fylkeskommune